

Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason (red. ) *Eddukvæði I–II*, Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 2014. 469 + 466 s.

Meldt av Else Mundal

Det var ein merkedag då eddakveda endeleg vart gjevne ut i serien Íslenzk fornrit i 2014. Dei to redaktørane, Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason var begge tidlegare direktørar ved Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum. Jónas Kristjánsson døydde 7. juli, 2014, og fekk diverre ikkje oppleve å sjå utgåva kome ut, men han fekk sjå utgåva nesten i hamn. Som det er gjort greie for til slutt i innleiinga (band II, s. 202–04), var den opphavlege arbeidsdelinga at Vésteinn Ólason skulle skrive innleiingane, og Jónas Kristjánsson gje ut teksten av dikta, men som det også går klart fram, har dei to redaktørane hatt eit nært samarbeid, og i det følgjande vert eddautgåva omtala som eit fellesarbeid av dei to redaktørane sjølv om dei har eit hovudansvar for kvar sin del.

Bandet *Eddukvæði I* inneheld gudedikta, og *Eddukvæði II* heltedikta. Nærmare to tredjedelar av plassen i kvart band er brukt til innleiing som er oversikteleg oppdelt i paragrafar, 19 i første bandet og 11 i det andre. Etter innleiinga i første bandet følgjer utgåva av gudedikta, etter innleiinga i andre bandet følgjer bibliografi og register til begge innleiingane før utgåva av heltedikta, og til slutt namnregister til dikta i begge banda. Dei 5 første paragrafane i første bandet startar med ei drøfting av nokre generelle spørsmål som gjeld eddadiktinga i det heile. I første paragrafen i innleiinga diskuterer forfatarane forholdet mellom eddadikt og skaldedikt, tydinga av ordet *edda*, som først var brukt om Snorres bok om skaldskap, vidare målet med den føreliggjande utgåva som vert sagt å vere det same som det målet Sigurður Nordal, utgjevaren for det første bandet som kom ut i Íslenzk fornrit, formulerte for serien i 1933. Han la vekt på ein rett og påliteleg tekst med forklaringar i notar og utførlege forord som kunne verte islandske forskarar til støtte og inspirere til vidare forskning.

Serien Íslenzk fornrit vart ein stor suksess, og er i dag ikkje mindre brukt av forskarar utanfor Island enn på Island. Forskinga på eddadiktinga er omfattande i mange forskingsmiljø i mange land, og det er sjølv-sagt umogeleg å nemne alt som er skrive om eddadikta og ta stilling til det. Utgjevarane seier det er lagt mest vekt på det som er skrive nyleg

(band I, s. 17), men dei skal likevel ha ros for at dei i mange tilfelle også viser til eldre litteratur når eldre synspunkt framleis er aktuelle, eller det kan vere interessant å sjå synspunkt og tolkingar i ein noko lenger forskningshistorisk samanheng.

Kva tolkingar av dikt eller einskilde strofer som skal løftast fram, og kva av alt det som er skrive, som skal liggje ukommentert, vil sjølv sagt alltid kunne diskuteras. Dei val som er gjorde, gjenspeglar sjølv sagt synspunkta og interessene til utgjevarane. Men dei er forsiktige med å argumentere sterkt for eigne meiningar, og ein får inntrykk av at dei har prøvt å formidle syn og tolkingar som det er relativt stor semje om mellom forskarane. To utgjevarar ville sjølv sagt av og til ha ulikt syn på kva den mest rimelege tolkinga av ei strofe eller av detaljar i teksten var. Vésteinn Ólason kommenterer dette i den avsluttande paragrafen (paragraf 30) i innleiinga. Der utgjevarane ikkje har kome fram til eit felles syn, har ulike tolkingar vore presenterte, og lesarane får velje.

I paragraf 2 vert det gjort greie for handskrifta som eddadikta står i. Mest vekt vert det sjølv sagt lagt på Codex Regius, hovudhandskriftet for eddadikta, og ordninga av eddadikta i dette handskriftet vert grundig drøfta, også forholdet mellom Codex Regius og handskriftet AM 748 I a 4to, som inneheld nokre av dei same dikta som Codex Regius, vert drøfta.

I paragraf 3 rettar forfattarane søkelyset mot dei kulturelle samanhengar ein må sjå innsamlinga og nedskrivninga av eddadikta i, vidare følgjer eit oversyn over ulike teoriar om alderen på dikta og den kompliserande faktoren for aldersbestemmelsen som ligg i at dikta, eller storparten av dei, må ha gått i munnleg tradisjon før dei vart nedskrivne i den form vi har dei.

Emnet for den relativt lange paragraf 4 er framføring og form. Herunder vert det gjeve eit oversyn over dei ulike eddaversemåla og ulike stilistiske verkemiddel som vert brukte i eddadiktinga. Den siste av dei paragrafane som gjeld eddadikting meir generelt, gjeld eigentleg primært gudedikta og drøfter samanhengen mellom gudekvad og norrøne mytar og heiden sed.

Dei følgjande 14 paragrafane (paragraf 6–19), omtalar eit gudedikt kvar, først gudedikta i Codex Regius i den rekkefølgje dei står i handskriftet, og deretter tre gudedikt frå andre handskrift, Baldrs draumar (AM 748), Rígsþula (Wormsbók av *Snorra Edda*) og Hyndluljóð (Flatøyjarbók).

I band II, som inneheld innleiingane til heltedikta, er disposisjonen ein litt annan. I den første paragrafen (paragraf 20) finn vi ein kort, men viktig, diskusjon, m. a. av forholdet mellom strofe og forklarande prosa i den munnlege traderinga. Heltedikta i Codex Regius er samla i grupper. Paragraf 21 behandlar dei tre Helgekvada. Her og i dei etterfølgjande paragrafane er dikta dels omtala samla, dels kvart kvad i eigne underkapittel. Dikta om den unge Sigurðr Fáfnisbani (Grípisspá, Reginsmál, Fáfnismál og Sigrdrífumál) er omtala i paragraf 22. Til slutt er det også ein kort omtale av emna i dikta som har stått i lakunen i handskriftet, og i utgåva av heltedikta er nokre strofer frå *Völsunga saga*, som truleg er tekne frå desse dikta, prenta (band II, s. 322–23). Paragraf 23 omtalar alle dikta som handlar om døden til Sigurðr eller Brynhildr (Brot af Sigurðarkviða, Guðrúnarkviða I, Sigurðarkviða hin skamma og Helreið Brynhildar). Vidare følgjer tre paragrafar (paragraf 24, 25 og 26) som har overskriftene Örlög Gjukungar I, Örlög Gjukungar II og Örlög Gjukungar III. Den første av desse paragrafane behandlar Guðrúnarkviða II, Guðrúnarkviða III og Oddrúnargrátr, den neste Atlakviða og Atlamál, og den tredje Guðrúnarhvot og Hamdismál. Denne disposisjonen gjer at dikta vert drøfta i ei anna rekkefølge enn den dei har i handskriftet – og i ei anna enn den dei har i utgåva, som følgjer rekkefølga i handskriftet, men grupperinga etter tema kan vere eit godt alternativ. Det ein kanskje kan innvende, er at ved å flytte tittelen på dikta ned i undertitlar, flyttar ein fokus bort frå det faktum at heile 7 av heltekvada i Codex Regius har kvinneleg hovudperson og kvinnenamn i tittelen. Rett nok handlar t. d. Guðrúnarkviða I om døden til Sigurðr Fáfnisbani, men det er jo primært eit dikt om Guðrún.

Til slutt er fire dikt som ikkje er med i Codes Regius, omtala: Hlōðskviða i paragraf 27 (*Hervarar saga ok Heiðreks konungs*), Grottasǫngr i paragraf 28 (to handskrift av *Snorra Edda*) og Grógaldr og Fjolsvinnsmál i paragraf 29 (frå unge papirhandskrift). Dei tre siste dikta har, som utgjevarane også nemner, ein god del til felles med gudedikt.

Eddadikt – også innanfor dei to gruppene vi tradisjonelt har delt dikta inn i – er innbyrdes ulike på fleire måtar, og det varierer også kor mykje forskarar gjennom tidene har skrive om dei enkelte dikta. Dette er gjenspegla i utgåva; kva spørsmål som vert tekne opp til drøfting i tilknytning til dei einskilde dikta, kan variere ganske mykje, og det same gjeld lengda på innleiinga til ulike dikt, eller grupper av dikt. Det er fullt forståeleg at det er mange fleire spørsmål å drøfte i tilknytning til eit dikt

som Vøluspá enn eit dikt som t.d. Vafþrúðnismál, og det er også skrive mykje meir om Vøluspá enn om Vafþrúðnismál. Men spørsmålet er om skilnaden ikkje er vel stor når Vøluspá har fått 47 sider og Vafþrúðnismál 9. Baldrs draumar er også eit dikt som har fått ei litt “stefaderleg” behandling, knappe 4 og ei halv side, for å nemne eit anna døme. Eit spesielt og interessant heltedikt som Hlòðskviða kunne kanskje også ha fått litt meir plass.

I dei fem innleiande paragrafane går forfattarane inn på mange viktige spørsmål som gjeld eddadiktinga generelt, og drøftingane her, som i resten av innleiingane, er gode og opplysende. Men det finst også nokre spørsmål, som rett nok er nemnde, men som gjerne kunne fått litt meir plass. Det problematiske skiljet mellom eddadikting og skaldedikting vert teke opp i paragraf 1, men i ei innleiing til ei utgåve av eddadikt er skiljet mellom gudedikt og heltedikt minst like interessant. Det skiljet er heller ikkje uproblematisk, og kunne gjerne ha vore drøfta noko grundigare.

Utgjevarane har valt å ta med eitt dikt som er overlevert i ei fornaldarsoge, Hlòðskviða. Diktet fortener absolutt sin plass i utgåva, og som utgjevarane seier, er dette etter alt å døme eit svært gammalt dikt som eksisterte lenge før den skriftlege fornaldarsoga den er overlevert i, og det ser ut til å vere utgjevarane sin viktigaste grunn til å inkludere det. Men som dei også seier (band I, s. 16), så finst det ingen vitskapelege grunnar til å velje ut dette eine diktet frå fornaldarsogene og vrake andre. Eigentleg rører avgrensinga av kva som skal med i ei eddautgåve ved interessante spørsmål som gjeld korleis ein skal definere genren. I grunngevinga for å ta med Grógaldr og Fjòlsvinnsmál (band II, s. 201) kan det sjå ut som det spelar ei viss rolle for utgjevarane at dei meiner dikta har vorte til som munnleg dikting og har røter i munnleg segnstoff.

Diktet Hrafnagaldr Óðins eller Forspjallsljóð, som også berre finst i unge handskrift, er ikkje teke med i utgåva, og heller ikkje drøfta i innleiinga, berre så vidt nemnt. Grunnen til at det er ekskludert, er openbert at etter at Sophus Bugge, som rett nok hadde diktet med i si utgåve av 1867, i den same utgåva argumenterte for at diktet var ein ung pastisj frå 1700-talet. Det er eit syn som etter Bugges tid fekk allmenn tilslutning, og om diktet er å oppfatte som ein lærd pastisj, og har vorte til i ein periode etter at genren ikkje lenger var produktiv, er det rimeleg å sjå bort frå diktet. Men no har det i seinare tid kome opp ein ny diskusjon om alderen på dette diktet, diskusjonen vart til og med starta av ein av utgje-

varane av denne utgåva av eddadikta, Jónas Kristjánsson, i ein artikkel i *Dagblaðið* i 2002, der han hevda at diktet kunne vere frå 1300-talet. Argumenta til Jónas fekk ikkje stor tilslutning, men ikkje alle er lenger heilt overtydde om at diktet er etterreformatorisk. Dessutan er kanskje ikkje spørsmålet om diktet vart til i mellomalderen eller ikkje, det avgjerande spørsmålet. Det viktige spørsmålet er kor lenge eddadiktinga var produktiv. Utgjevarane kjem inn på dette spørsmålet i tilknytning til diskusjonen av når dikta *Grágaldr* og *Fjølsvinnsmál* vart til (band II, s. 201–02). Her vert det argumentert for at dikta kan ikkje ha vorte til seinare enn på 1200-talet fordi dei må ha vorte til på eit tidspunkt då folk fullt ut beherska eddadiktstilen. Men kan vi verkeleg vere sikre på at denne kunnskapen vart borte rundt 1300? For å svare på dette spørsmålet er dikt og strofer i ein del fornaldarsoger interessante.

Hlǫðskviða har kome med i utgåva fordi det etter alt å døme er eit gammalt dikt. Om dei dikta som ikkje har kome med, seier utgjevarane at dei truleg er unge og det kan vere vanskeleg å vite om dei er eldre enn sogene dei står i eller om dei er dikta av sogeforfattarane. Men dei seier også at ein kan spørje seg om denne skilnaden skulle spele noka rolle, og at ein gjerne kunne tenkje seg at alle desse kvada kunne gjevast ut i eit tredje band av eddadikt (band I, s. 12). No kom det ikkje noko tredje band, og det finst heller ikkje planar for noko slikt. Men spørsmålet kva rolle det skulle spele om eit dikt var skapt av ein skrivande forfattar, vert hengande i lufta. Tidlegare, då ein såg på den anonyme eddadiktinga som kollektiv dikting skapt i den munnlege tradisjonen, gjekk det eit avgjerande skilje mellom den munnlege diktinga og dikt skapt av ein skrivande forfattar. Men dette skiljet er ikkje like klart i dag. Vi reknar vel med at også eddadikta vart skapte av individ, men omskapte og gjenskapte i den munnlege traderinga og seinare i den skriftlege. Det er også mogeleg at dikt, etter at dei hadde fått skriftleg form, kunne gå tilbake til ei sekundær munnleg tradering, og det kan også tenkjast at dikt som var skapte av ein skrivande forfattar, slik som truleg ein del strofer i fornaldarsoger, vart lærde utanboks og vart munnleg traderte. Anten dikt og strofer i fornaldarsogene er noko eldre enn sogene og har gått i munnleg tradisjon ein periode før dei vart inkorporerte i den skriftlege saga, eller dei vart skapte av sogeforfattaren, er desse dikta og strofene vitne om at eddadiktinga framleis var ei produktiv dikting i seinmellomalderen. Det er freistande å peike på inkorporerte skaldestrofer i islendingesoger som ein parallell. Vi veit at nokre skaldestrofer er gamle og har funnest i munnleg tradisjon, men

andre er unge og kanskje dikta av forfattarane som komponerte sogene, nokre strofer kan også ha kome inn i sogene endå seinare under den skriftlege traderinga. Når nylaga strofer vart inkorporerte i islendingesoger, kvifor skulle ikkje det same skje med fornaldarsoger.

Om det no er så at den produktive perioden til heltediktinga overlappa med den perioden då fornaldarsogene fekk skriftleg form, så er det ikkje sikkert at ein kan dra den konklusjonen at det same gjeld gudedikta. Hrafnagaldr Óðins kan med andre ord vere å rekne som pastisj medan samtidige strofer i eddaversemål som vart dikta for å setjast inn i fornaldarsoger, er å rekne som ung eddadikting.

Alderen på eddadikt, og problema som er knytte til datering, har vore mykje diskuterte, og opphav og alder er også spørsmål som utgjevarane av denne eddautgåva tek opp i innleiingane til dikta. Men det finst også spørsmål som knyter seg til den andre enden av tidsspennet: Kor lenge levde dikta i den munnlege tradisjonen og kor lenge var denne diktinga produktiv? Desse spørsmåla vert ikkje drøfta i og med at den yngste diktinga, den vi finn i fornaldarsoger, fell utanfor rammene av utgåva. Her ligg det interessante spørsmål som gjerne kunne ha fått litt plass.

No er det så at sjølv om ein meiner dikt og strofer i eddaversemål i fornaldarsoger bør reknast til heltediktinga, så er det eit praktisk spørsmål korleis desse skal publiserast. Nokre dikt, slike som *Heiðreks gátur* (*Hervarar saga ok Heiðreks konungs*), *Hjalmars døðskvad* (*Qrvar-Odds saga* og *Hervarar saga ok Heiðreks konungs*), *Víkarsbálkr* (*Gautreks saga*) og *Hróskviða* (*Hálfs saga*), ville det vere mogeleg å ta ut av saga og gje ut i utgåva av eddadikt slik som *Hlòðskviða*, men kortare sekvensar av strofer og enkelstrofer vil gjerne vere så avhengige av prosakonteksten dei står i, at det ville verke rart å ta dei ut. Utgjevarane seier om dikt og strofer i fornaldarsogene at det er å vona at dei snart vert gjevne ut i sogene der dei høyrer heime (band I, s. 12), og det er ikkje vanskeleg å vere samd i at det nok er den beste og mest praktiske løysinga – sjølv om ei anna løysing er vald for skaldedikt. Men i innleiinga kunne ein likevel dvele litt meir ved forholdet mellom heltedikt og fornaldarsoger. Når ein ser dikta og sogene i samanheng, så har vi dikt utan prosa, dikt med prosa, prosa med dikt og prosa utan dikt. Det går sjølv sagt ei grense der prosaen vert dominerande, men grensa er ikkje skarp. Også prosamytar kan ha vore traderte med strofer. I utgåva til Sophus Bugge (1867, s. 330–335) er det prenta strofer som truleg er enkeltstrofer som er traderte i prosa. Utgjevarane kjem fleire stader inn på forholdet heltedikt og forn-

aldarsoger, men litt større fokus i innleiingane også på diktinga som ikkje er teken med i utgåva, kunne kanskje vere med på å råde bot på det problemet utgjevarane sjølve nemner (band I, s. 35–36), at kvada i Codex Regius ikkje gjev eit fullstendig og rett bilete av den hittediktinga som fanst.

I denne utgåva er eddadikta gjevne ut i normalisert form slik som alle tekster i serien Íslenzk fornrit. Den vil i så måte aldri kunne erstatte utgåver som er bokstavrette etter handskriftet og med oppløysingar markerte, men det har heller aldri vore meininga. Notane gjev, i beste Íslenzk fornrit-tradisjon, likevel mange og nyttige opplysningar om lesemåtar i handskriftet, også om nokre nye og interessante lesemåtar. Mellom anna meiner utgjevarane at lesemåten *íviði/íviði* i Völuspá, str. 2 etter Codex Regius, truleg ikkje er rett, og at der har stått *íviðjur* (trollkvinner) som i Hauksbók. Denne lesemåten er difor teken inn i Codex Regius-teksten, og grunnlaget for ein god del fantasifulle tolkingar er dermed borte. Derimot kan ein stille spørsmålsteikn ved at lesemåtar frå Hauksbók-teksten er tekne inn i utgåva av Codex Regius-teksten på fleire stader utan at det er heilt openberre grunnar til å rette Codex Regius-teksten. Grunnen er at utgjevarane meiner Hauksbók-teksten er betre, og det kan eg gjerne vere samd i. Men sidan både Codex Regius-versjonen og Hauksbók-versjonen av diktet vert gjevne ut i denne utgåva, finst det ingen grunn til å ta lesemåtar frå det eine handskriftet inn i det andre. Merknader om kva lesemåtar utgjevarane meiner er best, burde heller få plass i notane.

Som Jóhannes Nordal, leiaren for Hið íslenzka fornritafélag, gjer greie for i eit forord til utgåva, er dei to banda med eddadikt dei første i serien Íslenzk fornrit som ikkje får eit eige nummer i serien. Nummereringa vil ta slutt når sagaene som legg handlinga til Island eller Norderlanda i perioden frå landnámstida og utover (íslendingesoger, kongesoger, bispesoger og *Sturlunga saga*) er ute. Dette er litt uvant, og grunngevinga for endringa er ikkje heilt lett å forstå, men når det gjeld kvaliteten på arbeida, er det ingen grunn til å vente endring. Dei første unummererte banda av Íslenzk fornrit lever opp til det ry utgåvene i denne serien har opparbeidd seg sidan det første bandet i serien kom ut for meir enn åtti år sidan.

Else Mundal

Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Postboks 7805

NO-5020 Bergen

e-post: else.mundal@uib.no